



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
07/20	Teknisk utval	30.01.2020
15/20	Kommunestyret	13.02.2020

### Slutthandsaming - Detaljregulering for Ulstein kyrkje

#### Samandrag:

Detaljregulering for Ulstein kyrkje har vore ute til offentleg ettersyn. Det har kome inn seks merknader som har vorte vurdert. Teknisk utval utsette slutthandsaminga i møte 17.10.2019 og bad om at tiltakshavar tok ei ny vurdering av moglegheita for integrering av solenergi. Planframlegget skal no slutthandsamast.

#### Kommunestyret 13.02.2020:

##### Behandling:

Tilrådinga frå teknisk utval vart vedteken med 24 mot 0 røyster.

#### KOM- 15/20 Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje, PlanID 20150002, datert 10.08.2018, sist revidert 08.10.2019, med tilhøyrande føresegner sist revidert 15.01.2020.

#### Teknisk utval 30.01.2020:

##### Behandling:

##### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### TEK- 07/20 Vedtak:

##### Tilråding frå teknisk utval 30.01.2020:

##### Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje, PlanID 20150002, datert 10.08.2018, sist revidert 08.10.2019, med tilhøyrande føresegner sist revidert 15.01.2020.

##### Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12,

framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje, PlanID 20150002, datert 10.08.2018, sist revidert 08.10.2019, med tilhøyrande føresegner sist revidert 15.01.2020.

Vedtak som innstilling frå Teknisk utval - 30.01.2020 - 07/20

**Tilråding frå teknisk utval 30.01.2020:**

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje, PlanID 20150002, datert 10.08.2018, sist revidert 08.10.2019, med tilhøyrande føresegner sist revidert 15.01.2020.

**Vedlegg:**

Plankart endeleg planbehandling - Detaljregulering for Ulstein kyrkje  
Føresegner endeleg planbehandling - Detaljregulering for Ulstein kyrkje  
1 PLANTOMTALE 10-08-18  
Merknadsvurdering etter offentleg ettersyn - Ulstein kyrkje  
Detaljregulering - reguleringplan Ulstein kyrkje gbnr 7/126 m.fl. - fråsegn ved offentleg ettersyn  
Innspel til høyring - Detaljregulering Ulstein nye kyrkje  
Planident 20150002, Høyring /offentleg ettersyn - Detaljregulering for Ulstein kyrkje  
Høyring / offentleg ettersyn - Detaljregulering for Ulstein kyrkje  
Uttale - Detaljregulering Ulstein Kyrkje - 1. gongs offentleg ettersyn  
V4 Excelsior 2017-04-27\_Skisseprosjekt\_visning komprimert fil  
V8 Rapport fra lund og slaatto  
V3 Sjekkliste ROS - Nye Ulstein kyrkje - 29-06-18  
Innspel reguleringsplan Ulstein kyrkje

**Saksopplysningar:**

Teknisk utval vedtok i PS sak 52/19 å leggje planforslag for Ulstein kyrkje ut til offentleg ettersyn. I samband med høyringa kom det inn seks merknadar. Samandrag av innspela med kommentar er synte nedanfor.

Planen var klar for slutthandsaming den 17.10.2019. Teknisk gjorde då følgjande utsettingsvedtak i sak 81/19:

*Teknisk utval utset handsaminga av saka.  
Utvalet ber om at Ulstein sokn på nytt vurderer pkt. 5 g. i framlegget til reguleringsføresegner og oppmodar om ein revidert uttale om dette frå soknet før saka vert lagt fram til ny handsaming.*

Soknet har kome med ny uttale som er synt nedanfor.

Lenke: [Sunnmørskart](#)

**Vurdering og konklusjon:**

Levekårsutvalet tok uttalen til følgje.

*Kommentar: Ok.*

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne viser til kravet om universell utforming og likeeins behov for store og brukarvenlege parkeringsplassar for rørslehemma

*Kommentar: Universell utforming er vurdert. Parkeringskrav og då også for rørslehemma vil bli vurdert i samband med områdeplan for sentrum.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ut frå sine ansvarsområde ingen merknadar.

*Kommentar: Ok.*

Møre og Romsdal fylkeskommune saknar føresegn om materialbruk og fargar. Vi meiner § 6.2 ikkje er naudsynt og at ein ikkje kan vise til at skisseprosjektet skal vere retningsgjevande. Føresegna må vere klare og tydelege. Ein bør difor i større grad trekke ut det som er gjeldande frå skisseprosjekta til Snøhetta inn i

planføresegna. Om automatisk freda kulturminne/kulturminne frå nyare tid viser vi til kontakt undervegs i planprosessen og har ikkje merknadar til planforslaget slik det ligg føre no.

*Kommentar: Ettersom det er gjennomført arkitektkonkurranse med eit detaljert skisseprosjekt som resultat meiner administrasjonen dette bør ligge til grunn i føresegnene og byggesaka. Her er material- og fargebruk omtala.*

Ulstein sokn v/kyrkjeverje Christfried Kaul viser til § 5 g i framlegget til reguleringsføresegner der det vert føreslått eit krav om at «konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet». Dette forslaget vart fremja som eit tilleggspunkt frå teknisk utval ved handsaming av sak om utlegging av planframlegget til offentleg ettersyn. Soknet ser absolutt verdien av å inspirere/stimulere utbyggjarar til å legge inn solenergifangst i nye prosjekt, men ein slik føresetnad bør helst forankrast i det overordna planverket og leggjast til grunn som krav for eit større område. I fall det var gjort før prosjektera av bygget startar, ville det ha vore lettare å integrere. Ulstein nye kyrkje har vore under planlegging i fleire år, med eigen arkitektkonkurranse, der kommunen med det politiske miljøet har vore involvert undervegs i prosessen. Energi/miljø har stått sentralt i prosessen. Det vert m.a. vist til bruk av mykje kompakttre, naturleg ventilasjon i store deler av bygget, og at bygget vert knytt til det kommunale fjernvarmeanlegget. Soknet meiner at formgjevinga av dette bygget gjer at det å legge inn eit solenergifangstanlegg på dette stadiet i prosessen vil måtte medføre djuptgripande tilpasningar av bygget sin arkitektur. Etter soknet oppfatning kan eit slik krav til bygget på dette stadiet i prosessen ikkje akseptrast, og det vert difor føresett at den aktuelle setninga i paragraf 5g vert strøken.

Etter at teknisk utval gjorde utsetjingsvedtak og bad om ei ny vurdering av solenergifangst har Ulstein Sokn kome med ei ny uttale:

I framlegget vert det foreslått eit krav om at "konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet". Dette forslaget vart fremja som eit tilleggspunkt i møte i teknisk utval i samband med handsaminga av planframlegget.

Ulstein nye kyrkje har vore under planlegging i fleire år, der kommunen har lagt til rette for bygging av ei ny kyrkje gjennom vedtak om tomt, finansiering av ei arkitektkonkurranse og finansiering av skisseprosjektet. Energi/miljø har stått sentralt i prosessen hittil. Vi viser her m.a. til bruk av mykje kompakttre (ref. CO2), naturleg ventilasjon i store deler av bygget (energisparing), og at bygget vert knytt til det kommunale fjernvarmeanlegget. For den planlagde bruken av kompakttre har prosjektet allereie fått eit tilsegn av kr. 3 mill. frå miljødirektoratet.

Vi ser verdien av å inspirere/stimulere utbyggjarar til å legge innsolenergifangst i nye prosjekt. Kyrkjer er oftast bygg med særeigen formgjeving. Dette gjeld også for vinnarutkastet Excelsior frå Snøhetta.

På det tidspunktet skisseprosjektet har blitt utvikla var det ikkje vedteke at konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet. Formgjevinga av dette bygget gjer at det å legge inn eit solenergifangstanlegg utfordrar prosjektet på den valte byggedesignen. Eit solenergifangstanlegg vil også auke investeringskostnaden for Ulstein nye kyrkje.

Sjølv om vi ser at eit slikt krav utfordrar prosjektet på fleire område vil vi ta omsyn til kravet og innarbeide det i prosjektet. Samstundes ønskjer vi også å kome i dialog med kommunen for ei vurdering om andre klimatiltak i bygget eventuelt kan kompensere for eit slikt anlegg, eller for å sjå på alternative plasseringar.

*Kommentar: Etersom Soknet har uttalt at dei vil ta omsyn til kravet og innarbeide det i prosjektet så er det i føresegnene §5 g lagt inn igjen følgjande tekst: Og konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet.*

Frode Myklebust og Trude Leirvik Myklebust skriv

1. Rampe til plan 2/ kyrkjekontor/søppelrom er teikna midt i gangvegen og må trekkast innanfor eigedomsgrensa. Vi har ingen moglegheit til å bruke garasje/parkeringsplassen vår.
2. Nedste del av kyrkjemuren som vender mot gangveg og Kyrkjegata må ikkje vere så høg at det skapar farlege situasjonar med gåande og syklende, då enkelte syklistar til tider har høg fart ned bakken. Også dei som nyttar veggen til parkeringsplass får hindra sikt innover Kyrkjegata.
3. Det må takast omsyn til brøyting av gangveg. Veggen er så smal i dag at brøytetraktor køyrer utanfor asfaltkant i nedste del av veggen, difor meiner vi gangvegen må ha lik breidde som i øvre del av gangveg. Det må leggst til rette for at brøytemannskapet skal klare å få frå seg snøen. Det er ikkje akseptabelt at snøen skal brøytast inn i vår avkøyrsløp. Vi har til tider hatt problem med å få i frå oss snøen som brøytetraktorane har drege med seg. Pr. i dag har vi hatt den moglegheita at vi kan skyve snøen over gangvegen og inn på området der virvelkammera ligg. Denne moglegheita forsvinn viss kyrkja blir bygd.
4. Ved asfaltering av gangveg må fallretning av regnvatn ikkje halle innover mot vår parkeringsplass, dette pga. begrensa dreneringskapasitet.
5. Av erfaring ser vi at det først blir parkert ved kyrkja, deretter torgplassen, når desse er fulle så blir Kyrkjevegen, Kyrkjebakken, 3-4 bilar i gangvegen og Gjerdegata tatt i bruk til parkering før parkeringsplassane nedanfor hovudvegen vert tatt i bruk. Parkering på umerka plassar kan medføre farlege trafikksituasjonar i vegkryssa. Ein reguleringsplan/skiltplan for parkering som ivaretek bebuarane i nærleiken av kyrkja slik ein ikkje vert parkert inne ved arrangement må til.
6. Det må takast omsyn til oss ved graving, sprenging av fjell og anna støyande aktivitet i byggeperioden. Trude jobbar 75 % våken nattevaktstilling. Dette inneber at ho må sove på dagtid. Vi kan ikkje sjå føre oss at det er mogleg å få god søvn/kvile når det 4 m i frå vårt hus står på som verst under byggeperioden. Med må bli ei løysing med ev. bustad eller hotell i desse periodene. Dersom dette ikkje let seg gjere må det gis lønnskompensasjon med at det blir tatt ut permisjon frå arbeid i byggeperioden, der utbyggar må stå for ev. kostnad.
7. I føresegnene er det skrive i pkt. 6.2. «det vert lagt vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengtilpassing, utsikt for naboar, samt opparbeiding av gode uteareal. Vi vil miste all utsikt i sørleg/søraustleg retning, mellom Sjøgata 59/61 og Rådhuset pga. høgde. Høgda på den ev. nye kyrkja er noko høgare enn rådhuset. Ser på dette store byggeprosjektet med litt undring når ein kan lese frå SSB at kyrkja vert mindre brukt i Noreg. Kanskje bør vi bruke pengar der det er eit behov, som ny barneskule og brannstasjon.

*Kommentar:*

1. Det vil vere 3 m frå eigedomsgrensa til rampa. Det skal då vere fullt mogleg å framleis bruke parkeringsplassen.
2. Det er lagt inn 30 m sikt, 4 m inn frå vegkant i Kyrkjegata.
3. 3 m breidde skal vere tilstrekkeleg breidde for å få brøytt veggen. Ein må rekne

*med at noko av snøen havnar på privat eigedom ved brøyting av vegar. Når moglegheita for å måke snøen over på kommunal eigedom forsvinn, bør Myklebust forsøke å flytte snøen til andre stadar på eigen eigedom.*

*4. Innspel vert tatt til orientering.*

*5. Parkering vert nærare vurdert i områdeplan for sentrum. Kommunen tek med seg innspelet vidare.*

*6. I føresegnene vert det lagt inn i § 5 l.: Kap. 4, Retningslinjer for begrensning av støy frå bygg- og anleggsvirksomhet i T-1442 skal nyttast i bygge- og anleggsperioden.*

*7. Det stemmer at kyrkja vil få ei kotehøgde som er høgare enn rådhuset. Ved Kyrkjegata vert kyrkja om lag 1 m høgare enn rådhuset. I sentrumskjerna vil det vere tilnærma uungåeleg at ikkje nokon tapar utsikt når det skal fortettast. Etersom ein er bunden av kulturhistorisk vern og det skal mange funksjonar inn i den nye kyrkja er det begrensa moglegheiter for å bygge i breidda.*

Basert på vurderingane ovanfor rår administrasjonen Ulstein kommunestyre til å godkjenne detaljregulering for Ulstein kyrkje.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Det vert synt til utgreiingane om materialbruk og energi

Økonomiske konsekvensar: Realisering av prosjektet får økonomiske konsekvensar for kommunen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ein vesentleg argumentasjon for ny kyrkje er behov for lokale til kyrkja si opplæring av barn og unge.